

Grantit Radøy AS
Vetåsvegen 181
5938 Sæbøvågen

Sæbøvågen 07.09.2020

Alver Kommune
Miljøretta Helsevern

Deres ref.: 20/14494 – 1 / LIGRMJ

Viser til dykkars brev om mottekne klager på støy frå aktivitetar ved industriområdet på Mangerøy, Kjevogen. Brevet har ikkje vedlagt eller spesifisert, ut over at det er generell påstand om at fartøy som ligg ved kai ikkje er knytt til landstraum.

Landstraum vart etablert i mai 2019, og fartøy i opplag er knytt til denne. Det kan oppstå periodiske avvik frå ein del driftsmessige forhold og tryggleikssyn.

Sjølv om båt ligg på landstraum så kan det vere utstyr om bord som har ein viss støy, eksempelvis kjølevifter.

Før båten skal gå får kai, vil det vere ein periode på nokre dagar der dei køyrer i gang motorar. Dersom det vert endringar i seglingsruta, kan turen verte utsett ein periode.

Ved varsel om storm vil båtar i enkelt tilfelle starte opp maskineriet av tryggleikssyn.


Det er ikkje råd å svare på kommunen sine spørsmål om kor mange fartøy som kjem dagleg, da det heller er et spørsmål om kor mange fartøy det kommer i året. Når det gjelder kor mange som kan koplast på landstraum samstundes kommer det an på størrelsen på fartøyet. Kapasiteten er i dag på 800 kWt som er nok til to store fartøy samtidig eller fire mindre fartøy.

I 2020 har det vært 4 fartøy innom kaien. Per i dag er det ingen fartøy ved kaien.

Tilkopling til landstraum er gjort i løpet av nokre timar. Sjå også kommentar ovanfor om drift av landstraum og klargjering for avgang

Det er ikkje anna støyande arbeid ved drifta ut over det som er skissert for dagens situasjon i utgreiinga ovanfor.

Med helsing



Lasse Ståløy
Dagleg Leiar